

NR. 1

JANUAR 2004

37.ÅRG.



*Dramagrupper*

**KONFIRMANTLIV!**

*Sjå side 12 og 13*


## Ta imot gaven

«Men han ble såret for våre overtredelser, knust for våre misgjerninger. Straffen lå på ham, for at vi skulle ha fred, og ved hans sår har vi fått legedom.» (Jes 53:5)

Bildet av Jesus på korset er kjent for oss alle. Men hva sier det oss? Hva betyr det? Er det at Jesus døde på korset bare noe vi lagrer i hjernen under hørt og lært, eller lar vi det tale til oss? Jesus tok på seg våre synder og sykdommer. Dette er en fantastisk sannhet som vi burde ta oss tid til å meditere over.

Ingen mennesker lever opp til Guds lov og Hans standard (Rom 3:23). Hans tanker for oss er så mye høyere enn våre sinn kan fatte (Jes 55:9). Gud er kjærlighet (1Joh 4:8). Gud er også hellig og rettferdig, og tåler ikke uoppgjort synd (Jes 59:2). Dette er balansen mellom Guds kjærlighet og hans rettferdighet: Som en rettferdig dommer må Gud gi oss som bryter loven, en straff. I sin kjærlighet soner han selv straffen for oss, for at vi skal gå fri. Bibelen sier at det var til behag for Gud å betale straffen for oss (Jes 53:10).

Gud sier at han er vår Far, og vi er hans barn. Dette bildet taler sterkt til oss som er foreldre. Når vi får barn, blir vi sårbare. Da finnes det plutselig noe i denne verden som vi elsker høyere enn vårt eget liv. Hvor mange av oss har vel ikke våket over et sykt barn om natten, og ønsket av hele hjertet at vi kunne bære smerten som rammet den lille i egen kropp, dersom det kunne fri barnet fra det vonde. De aller fleste foreldre ville med glede båret sine barns



smerter, hvis det gav barnet legedom og fred.

Gud har gjennom Jesus betalt prisen for våre overtredelser. Han har kjøpt oss fri. Hvis noen spanderer middag på deg, er det meningsløst å betale regningen en gang til. Den er jo allerede betalt. Vi er kjøpt og betalt. Hvis du har vært i butikken og kjøpt noe, ville du bli ganske nedfor hvis du ikke fikk lov å ta det med deg hjem, ville du ikke? Jesus har kjøpt deg, og fortjener å få deg med seg hjem.

Gud vil at vi skal være hans barn og han vil overøse sine barn med alt som er godt. Jesu død på korset er en gave til alle mennesker. Guds gave gir dem som tar i mot den, en gratisbillett rett inn til Gud, og barnekår hos Universets Konge! «Men alle dem som tok imot ham, dem gav han rett til å bli Guds barn, de som tror på hans navn.» (Joh 1:12).

*Astri Seljåsen Torp, kateket.*

## 5-åringar i Ytre Arna - Sjå her!

Vi vil gjerne få invitere deg og mamma/pappa til ein **påskeverkstad** der vi kan syngje litt saman, høyre om Jesus, lage påskepynt og kose oss med saft og kjeks.

Håper du har lyst til å vere med oss i Kyrkjelydshuset **onsdag 24. mars** kl. 17.30- 19.00!

**Helsing oss i dåpsutvalet-** Grethe, Alice og Marit

## Felles møteaksjon i Arna kyrkje

**I tida 10-21. mars vert det felles møteaksjon i Arna kyrkje. Det er områdearbeidar Solfrid Stein som fortel dette til kyrkjelydsbladet.**

**- Det var i indremisjonssamanheng at tanken vart fødd, men vi ville gjerne ha alle kyrkjer, organisasjonar og lag i Arna med – og slik har det blitt, og ei komite med medlemmar frå dei ulike samanhengane har i lengre tid førebudd møteaksjonen. Hovud-talar vil vera Aud Karin Kjølvik; ho er tilsett i Indremisjonsforbundet og på bibelskolen på Bildøy. Men også Else Karin og Rolf Stockbon frå Frelsesarméen vert med. Det vert møte i Arna kyrkje dei fleste kveldane, og lokale song- og musikkref-ter tek del.**

**- Vi har store forventningar til møteaksjonen, og utfordrar folk til å ta ein med seg og koma, seier Solfrid Stein.**

## VI TRENG DEG !

Vi har ein flott dåpsopplæringsplan i Arna.

I Ytre Arna driv vi aktivt med dåpskontaktar, oppfølging av dåpskontaktane, 4-års gudsteneste, samling for 5-åringane, gudstenester, kyrkjebesøk og besøk av presten for skulebarna.

I Ytre Arna har vi ca. 30 nye dåpsbarn kvart år.


Vi treng meir praktisk hjelp i samband med samlingar/ gudstenester og fleire dåpskontaktar.

Ein dåpskontakt er deg eller meg eller nokon du kjenner som bringer ei helsing frå kyrkjelyden til eitt eller fleire av barna i kyrkjelyden på deira 1- års, 2-års og 3- års dåpsdag.

Vi har bruk for akkurat DEG! Eikvar teneste i Guds Rike er verdfull.

**Matt 10,10: "Den som tar imot dykk, tar imot meg"**

Vi høyrer gjerne frå deg!  
På tlf: 55362270- Kyrkjelydskontoret eller  
tlf: 55-247034 v/Grethe Haugland-dåpsutvalet



## Dress til Madagaskar?

Har du en pent brukt dress du har vokst i fra?

Prestudentene ved Den Gassisk Lutherske kirkens presteskole Atsimo-niavoko utenfor Antsirabe trenger en mørk dress når de er ferdige og skal begynne som prester i kirken. Sokneprest Jakobsen har kjente som kan ta med seg dresser ut i midten av februar. Har du en pent brukt dress du kan avse, så kan du lever den på kyrkjekontoret.

## Barns aktivitetskor

har starta opp att. For barn frå 3-7 år

Møtedag:

Tirsdagar frå kl. 17.00. til 18.00

Stad: Loftet i kyrkjelydshuset

Vi syng, leikar og har diverse aktivitetar/hobbyaktivitetar. Felles kveldsmat ein gong i månaden.

Vi ynskjer nye og gamle hjar-teleg velkomne!

Har du spørsmål, ring Inger Johanne J Tveit, tel 55 24 20 07

## Felles samlingar over menighetsgrensene i forkant av fellesmøta i Arna kyrkje 10.-21. mars

### Kvar fredag - bønnesamling i

- Arna kyrkje kl. 18.00 – 19.00 unntatt
- fredag 30. januar – Trengereid bedehus 18.00\_19.00
- fredag 27. februar – Ytre Arna bedehus 18.00\_19.00

### Bibeldagen søndag 8. februar.

- Felles samlinger kl. 19.00 i Arna kyrkje og Ytre Arna kyrkje.
- Etter møtet blir det bønn for møteaksjon.

### Søndag 15. februar.

Bønn for Arnabygda på ulike «Fjell» og «høyder». Felles tur. Frammøte kl. 13.00

- Ved Betania, Ytre Arna for Ytre Arna og Haugland.
- Ved Brannstasjonen for Arna, Tunes og Trengereid.
- Ved Betania bedehus, Lone for Lone og Espeland.

**Velkommen til fellesskap over organisasjonsgrensene!**



Bilete: Bygdanytt

## Bjarte Nese ordinert til prest Stor dag i Arna kyrkje

Arna kyrkje var fullsett då biskop Ole D. Hagesæther ordinerte Bjarte Nese (25) til prest 4. januar.

- Det er ein litt rar dag i dag. Eg har site her i kyrkja mange gonger, eg har vore kyrkjetenarvikar og kjenner kvar krok i bygget, men å vera her som prest, er rart, sa den nyordinerte presten, og han takka for ballasta kyrkjelyden og bygda gjeve han. Frå og med preika var det han som leia gudstenesta. Han leia nattverdhandlinga med biskopen og representantar frå kyrkjelyden som medhjelparar.

Då familien Nese flytte til Arna, og Kjell Nese begynte som sokneprest, var Bjarte 11 år. Det var nok ikkje berre enkelt å bryta opp frå vener, men etter kvart vart banda til Arna så sterke, at det einaste naturlege var å bli ordinert nettopp i Arna kyrkje – sjølv om familien flytte frå Arna i sommar.

- Bjarte Nese går inn i rekkja av preste-søner frå Arna som fylgjer i faren sine fotspor og blir prest, seier biskop Hagesether, ja det er utruleg mange som har kome frå Arna og som har gått inn i denne tenesta. Dette er andre sonen til tidlegare sokneprest Nese, og før det har vi hatt to søner til tidlegare sokneprest Øy. Dette er spesielt!

Etter gudstenesta diska soknerådet opp med middag og eit stort kakebord, og mange kom med helsingar. M.a. fekk Bjarte overrekk ein lysestake med lys, og ein kilo salt – for at han ikkje skulle gløyma å vera lys og salt for dei han ferdast i lag med. Og no er han på plass i kavaleriet sin leir på Rena der han gjennomfører fyrstegongstenesta som feltprest.

JKJ

# Velkommen til kyrkje

- 08.02. SÅmannssundagen** – Hebr 4,12-13; Mark 4,26-32; Sal 33, 1-9  
**Arna kl. 11.00.** Audun Hellemann. Nattverd. Elevar frå Kongshaug deltek som kor. Takkoffer til Bibelselskapet.  
**Ytre Arna kl. 11.00.** Jan Kåre Jakobsen. Familiegudsteneste. Barnas misjonsdag. Takkoffer til NMS.
- 15.02. Kr. forklaringsdag** - 2 Mos 3,1-6; 2 Pet 1, 16-18; Joh 17, 1-8  
**Arna kl. 11.00.** Jan Kåre Jakobsen. Nattverd. Temagudsteneste. Nådegevåseseminar. Kammerkoret. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.  
**Takvam kl. 11.00.** Audun Hellemann. Nattverd.
- 22.02. Sondag før faste** – 4 Mos 21,4-9; 1 Tim 2,4-6; Joh 12,24-33  
**Arna kl. 11.00.** Jon Viktor Selle. Dåp. Sondag for dei forfylgde. Takkoffer til Norsk Misjon i Øst.  
**Ytre Arna kl. 11.00.** Audun Hellemann. Nattverd. Takkoffer til de fire diakonist.
- 25.02. Oskeonsdag** – Jes 58,55-9a; 1 Joh 3,4-10; Matt 6,16-18  
**Arna kl. 19.00.** Jan Kåre Jakobsen. Nattverd. Takkoffer til barne- og ungdomsarbeidet.
- 29.02. 1. s. i faste** – 1 mos 4,3-7; Jak 1,12-5; Matt 16,21-23  
**Arna kl. 11.00.** Audun Hellemann. Familiegudstjeneste. Dåp. Aktivitetskoret. Takkoffer til barne- og ungdomsarbeidet.  
**Ytre Arna kl. 11.00.** Jan Kåre Jakobsen. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelyds- huset.
- 07.03. 2. s. i faste** – 1 Kong 18,21-26.36-39; Jak 5, 13-20; Luk 7,36-50  
**Arna kl. 11.00.** Jan Kåre Jakobsen. Dåp. Takkoffet til Kirkens bymisjon.
- 14.03. 3 s. i faste** – 2 Sam 22,,1-7; Luk 4,31-37; Hebr 12,1-3  
**Arna kl. 11.00.** Jan Kåre Jakobsen. Nattverd. Keryx. Takkoffer til kyrkje- lydsarbeidet.  
**Ytre Arna kl. 11.00.** Audun Hellemann. Nattverd. Takkoffer til Blåkors.
- 21.03. 4 s. i faste** – 2 Mos 16,11-18; 1 Kor 10,1-6; Joh 6,24-36  
**Arna kl. 11.00.** Audun Hellemann. Familiegudstjeneste. Nattverd. Betania barnekor. Takkoffer til dåpsopplæringsarbeidet.  
**Trengereid kl. 11.00.** Audun Stølås.
- 28.03. Maria bodskapsdag** – Jer 233,14-17; Ef 1,3-6; Luk 1,46-55  
**Arna kl. 11.00.** Audun Hellemann. Dåp. Takkoffer til Nattkafeen.  
**Ytre Arna kl. 11.00.** Jan Kåre Jakobsen. Familiegudstjeneste. Dåp. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

# Bibeldagen 2004

**8. februar** er det bibeldag, og felles bibeldagsamlingar – både i Indre Arna og Ytre Arna. Både i Arna kyrkje og i Ytre Arna kyrkje vert det bibelmøter kl 19.00. Alle forsamlingane og kyrkjelydane står saman om desse arrangementa. Det har mykje å seia for den enkelte at ein får lesa Bibelen på sitt eige språk. Slik er det for oss, og slik er et sjølv sagt også for folk i andre land. Alle ynskjer å kunna lesa Guds Ord på sitt morsmål og hjartespåk. Det som vert gjeve til Bibelselskapet på Bibeldagen, går til arbeidet med å omsetja Bibelen til nye språk

## Unge Mary Jones er blitt kjendis over hele verden - 200 år etter

Når De Forente Bibelselskaper i 2004 skal feire sitt 200-års jubileum, blir ungjenta Mary Jones en av hovedpersonene. 200 år etter at hun levde er hun blitt kjendis over hele jorda, og hennes eksempel inspirerer fortsatt til innsats for bibelsaken. Hun har vist at hvis du har kjærlighet og iver nok, kan du gjennomføre det meste! Det var nemlig Marys sterke ønske om å få sin egen bibel som ble den direkte årsak til stiftelsen av verdens første bibelselskap i England i 1804. Som datter av en fattig vever i Wales så det smått ut både med skolegang og bøker. Men så ble en skole åpnet en times gange unna, og hun ble riktig flink til å lese.

Samtidig fødtes drømmen om å få fatt i sin egen bibel, et ganske uopnåelig prosjekt for en fattig jente, siden Bibelen på den tiden var både sjelden og dyr. Men Mary satte i gang og jobbet i seks år for å tjene penger. Hun passet barn, sprang ærend, solgte egg og strikket sjal og strømper. Da hun som 16-åring trodde hun hadde penger nok til å kjøpe Bibelen, viste det seg at boka ikke var å oppdrive der hvor hun bodde.

– Du må gå til Bala, kanskje presten der har bibler, foreslo noen. Bala lå 40 kilometer borte, og Mary hadde aldri vært så langt av sted. Men nå la hun i vei, bare for å høre samme beskjed hos pastor Charles: - Beklager jenta mi, men jeg er utsolgt for bibler. Den siste jeg har igjen er bestilt. Da kom tårene hos Mary. Hun tenkte på seks års sparring, 40 kilometer til fots og så like langt hjem igjen uten en bibel.. Pastor Charles ble grepet og tok en av de bortlovt biblene og sa: - Se her Mary, du kan ta denne Bibelen med deg! Så skal jeg skaffe en annen til han som har bestilt.

Dermed hadde Mary fått oppfylt sitt største ønske. Men historien stopper ikke der. Pastor Charles var en tid etter på et stort møte i London og der fortalte han om Mary. – Vi må gjøre noe for at alle som ønsker det kan få sin egen bibel; om de er fattige eller rike, barn eller voksne; om de bor i Wales eller England, eller hvor som helst ellers i verden.

Uttalelsen ble møtt med entusiasme, og slik ble verdens første bibelselskap stiftet i England i 1804 og i Norge i 1816. **I dag arbeider De Forente Bibelselskaper i 200 land over hele verden. Men Marys iver satte det hele i gang!**

Har du lyst på ei utfordring?  
Vi har oppgåva til deg.  
Det spanande, gjevande, utfordrande og ulønna vervet som

## redaktør for kyrkjelydsbladet

er ledig

Bladet kjem ut med 7 nummer i året.  
Ta kontakt med kyrkjekontoret, tlf. 55 36 22 70

**Sokneråda i Arna og Ytre Arna**

## Hilsen fra «Koret på sporet»

*Koret på sporet* takker hjerteligst alle CD-kjøpere for støtten. Det er til stor glede og oppmuntring for oss at så mange ønsker å støtte ungdomsarbeidet vårt i Ytre Arna! Gud velsigne dere alle sammen!

Vi har fortsatt flere CD-er igjen hvis noen skulle være interessert. De er å finne på Kirkekontoret i Arna, Prixen i Ytre Arna, TRE seksten på Åsane senter og hos medlemmer i Koret på sporet.

Vi har også plass til flere nye medlemmer. Vi øver i Ytre Arna Kirke hver torsdag kl 19.00. **Hvis du er i alderen 15 - 40 år er du hjertelig velkommen til å komme å synge med oss!!**

**Neste nummer av Kyrkjelydsbladet kjem ut 24. mars.  
Frist for innlevering av stoff er 9. mars**

## KONSERT I ARNA KYRKJE

**Lørdag 28. februar 2004 kl. 18.00**

Verker av Grieg, Mozart, Brahms m.fl.

Christine Marøy: mezzosopran

Signe Bakke: orgel/piano

Emanuel Kling: bratsj



Christine Marøy studerer f.t. ved  
Royal College of Music i London.

**Fri Entré!**

Kollekt ved utgangen hvor overskuddet går til Steinar Harila sitt barnehjemsprosjekt i Russland.

## Dåpsskole for 6-åringer

Velkommen til dåpsskole i Arna kyrkje.

Skolen starter med familiegudstjeneste 1. februar kl. 11.00.

I etterkant av denne samles barna to torsdager.

Disse samlingene blir i kirken kl. 17.30.

Tema: 5. februar: Kirken, vårt hjem.

19. februar: Sakkeus.

## NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



### Døyppte

#### Arna sokn:

22.11.: Vegard Lerås Jørgensen  
23.11.: Marte Læg Reid Steen  
29.11.: Jonathan Mølbach Tunes  
30.11.: Adele Sivertsen Brattenborg  
07.12.: Stephan André Eide  
14.12.: Jonas Borge Olsen  
14.12.: Malin Hammersland Jensen  
21.12.: Ariel Mari Eliassen  
26.12.: Aleksandr Heimdal  
28.12.: Malene Gjøsæter Hausvik  
28.12.: Emma Storsæter  
11.01.: Amalie Berntsen  
11.01.: Haakon Ismail Vambheim Cinar  
11.01.: Julie Thunestveit

#### Ytre Arna sokn:

23.11.: Andreas Ramstad Furevik  
30.11.: Eirin Kjøsnes Lie  
30.11.: Nikolai Prestegård Lien

### † Døde

#### Arna sokn:

15.11.: Solveig Langhelle Thunestveit  
18.11.: Harald Hauge  
21.11.: Wibecke Jensen  
25.11.: Erling Furnes  
25.12.: John Kristian Jakobsen

#### Ytre Arna sokn:

17.11.: Bergit Christensen  
14.12.: Nils Lien  
15.12.: Per Arne Skår

### Ofringar

#### Ytre Arna kyrkje

23.11	Sjømannsmisjonen	1.620,00
30.11	Dåpsopplæringa	811,50
06.12	Korarbeidet	699,00
24.12	Kirkens nødhjelp	7.474,00
25.12	Misjonsselskapet	2.210,00

#### Arna kyrkje

23.11	NLA	4.543,00
30.11	Dåpsopplæringa	3.127,00
07.12	Kyrkjelydsarb.	3.428,00
14.12	Norea Radio	5.191,50
21.12	Norsk misj. i Øst	2.824,00
24.12	Diakoniarbeidet	4.479,50
24.12	Kirkens nødhj.	27.260,50
25.12	NMS	6.143,50
26.12	B/u-arbeidet	3.234,00
28.12	NLM	3015,00
04.01	B/U-arbeidet	8.991,00



### Vi takkar redaktøren

Audun Stølås synest tida er inne til å overlata ansvaret for kyrkjelydsbladet til nye krefter.

Han har sagt frå seg vervet etter sin tredje periode som redaktør (første gongen sist på 70-talet)

*Sokneråda vil takka for god og trufast teneste!*

### HJARTELEG TAKK

for gåvene til nytt orgel i Ytre Arna kyrkje!

Det er til no kome inn kr. 40.700,- over dei giroane vi sende ut før jul.

*Ytre Arna sokneråd*

### Skifte av soknerådsleiar i Ytre Arna

Jan Skorpen vert etterfølgt av Lars Torp som soknerådsleiar i Ytre Arna.

Soknerådet vil takka Jan for 6 års trufast arbeid, og ynskja Lars lukke til i tenesta!

### Dei tilsette i kyrkjelydane

**Sokneprest Jan Kåre Jakobsen**  
Ådnav. 15, 5260 Indre Arna  
Tlf. 55 24 06 86

**Vikarprest Audun Hellemann**  
Søreidneset 28 - 5251 Søreidgrend  
Tlf. 55 12 01 72

**Organist Arna**  
Kantor Christopher David Briggs  
Pb 161 Indre Arna  
5888 Bergen  
Tlf. 55 24 40 55

**Dagleg leiar**  
Tove Margrete Nordmark  
Boge, 5725 Vaksdal  
Tlf. 56 59 72 01

**Kateket Erik Rodal**  
Stuajordet 31, 5262 Arnatveit  
Tlf. 55 24 00 41

**Kateket Astri Seljåsen Torp**  
Peter Jepsensv. 39, 5265 Ytre Arna  
Tlf. 55 2565 11

**Sekretær Benthe Vevle Birkeland**  
Sørfjordveien 11c, 5265 Ytre Arna  
Tlf. 55 24 73 92

**Kyrkjetenar Arna**  
Elisabeth Stenersby  
Tlf. 55 95 00 87

**Organist Ytre Arna**  
Kantor Siri Brunvoll  
Vågsbotn, 5131 Nyborg  
Tlf. 55 18 45 29

**Kyrkjetenarvikar Ytre Arna**  
Arne Vesetvik  
Gamsev. 18 - 5265 Ytre Arna  
Tlf. 90 95 33 76

**Ungdomsarbeidar Arna Margreta Straume**  
Kalvedalsv 45a - 5018 Bergen  
Tlf. 99 03 66 84

#### KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

**Utgjevar:** Sokneråda i Arna, Postboks 64, Indre Arna, 5888 BERGEN

**Redaktøransvar dette nummer:** Kyrkjekontoret

**Redaksjonsnemnd:** Asbjørn Åsgard, Tor O. Holmefjord og Morten Pedersen.

**Bladpengar:** Kr. 50,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.

Postgironr.: 7877 06 96991.

Trykt i Grafisk Forum A/S, Kokstadflaten 40, Boks 46 Kokstad, 5863 Bergen

#### ARNA PRESTEGJELD

Arna Kyrkjekontor, Postboks 64 Indre Arna, 5888 Bergen. E-mail: [arna.menighet@bkf.no](mailto:arna.menighet@bkf.no)  
Tlf. 55 36 22 70. Fax. 55 36 22 79. Kontoradresse: Lakslia 21, Kyrkjelydsdhuset, Indre Arna.

Kontortid: Mandag - fredag kl. 09.00-14.00.


**Soknerådsleiar Ytre Arna:** Lars Torp tlf. 55 25 65 11

**Soknerådsleiar Arna:** Trond Kleiveland, tlf. 55 53 15 93



**Kyrkjegardane i Arna:** Tlf. 55 24 06 57. Kontortid: Månd.-fred. kl. 10.00-12.00.

# KONFIRMANTLIV!

I Arna og Ytre Arna har vi tilsamen omlag 140 konfirmantar. Konfirmantundervisninga er allsidig og variert lagt opp. Etter jul er konfirmantane delte inn i grupper med ulike oppgaver. Eit stort korps av frivilljuge medarbeidarar er med i dette arbeidet - saman med katekatane og ungdomsarbeidarane våre. VOKT-arbeidar Espen Ruud har tatt med seg eit kamera og vitja ein del av gruppene.




Fra avisgruppa



Kjøken-teneste



Gruppesamtale



Undervisning og lovsong

# ARNA GRAVFERDSBYRÅ AS

Kåre Bj. Hopes eftf.

Døgnvakt tlf. 55 24 08 08

Står til teneste med alt ved dødsfall  
i Arna, Osterøy og omegn.



# FØRERKORT KL. B

- Fornøyde kunder
- Trygge sjåførere

Tlf. 55 27 15 12/92 26 66 33



**SAMDALS** 55 90 19 80 hele døgnet  
BYRÅ Kommer også hjem for samtale.  
JONSVOLLSGATEN 1 J. Teigland - M. Hamre

**as Sarepta Blomster**

Tlf. 55 24 25 95 (ØYRANE TORG) 5260 INDRE ARNA

Vi utfører alle oppdrag innen  
blomsterdekoratørfaget

# Solstrands BEGRAVELSESBYRÅ

HERMAN FOSSGT. 11, 5007 BERGEN

Våre representanter i Arna  
Helge Spilde tlf.: 55 24 38 92 og  
Willy Soltvedt tlf.: 55 24 76 23



DØGNVAKT  
55 32 55 50

Vi kommer hjem for samtale og gir gjerne forhåndspris



HVORDAN HAR DU DET  
egentlig?

**Kirkens SOS 815 33 300**

ET MENNESKE Å SNAKKE MED NÅR LIVET ER SOM VERST

Kranser, buketter,  
oppsatser

TLF. 55 24 08 09

**Espeland Gartneri**

Arthur Hope

Unnelandsvegen 540, 5260 Indre Arna

# I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup,  
konfirmasjon og barnedåp.

**Kleveland A.S**  
Ur og Gullsmed

5260 Indre Arna - Telefon 55 24 04 96

**Frødis SALONGEN**

Garnesv. 108, 5234 Garnes  
Tlf.: 55 39 01 40

Stedet for moderne og  
fagmessig hårdesign  
Dame • Herre • Brudepynting



Fagkunnskap gir  
trygghet

10 % for pensjonister alle dager.



Din lokale  
storbank  
i Arna!

**Nordea**

Filial Arna - tlf. 55 24 92 00

# Solberg Elektro

AUT. ELEKTROINSTALLATØR

Vi utfører elektroinstallasjon i bolig,  
industri og service.

Gratis befaring, god service

**Telefon: 41809620**

Kva har Gud utrusta **meg** med?  
Kva oppgåver kan **eg** ta på meg?  
Korleis kan vi saman byggja kyrkjelyd?

## Bli med på Nådegåveseminar

i Arna kyrkjelydshus 13-15.2. 2004.

Seminaret vil vera til hjelp for å finna ut av spørsmåla ovanfor. Den enkelte får ta «Nådegåvetesten» på seg sjølv under seminaret, og etter seminaret legg vi til rette for ein personleg samtale med utgangspunkt i nådegåvetesten. Vi vil òg prøva å finna moegelege oppgåver som svarar til den utrustninga den enkelte har. Målet er å få «riktig mann på riktig plass».

### Program:

#### Fredag 13.2

- 18:00 Kveldsmat og informasjon
- 19:00 Foredrag v. Jan Kåre Jakobsen:  
*Gud har meir å gi!? Er det moegeleg å få meir når vi har fått alt?*
- 19:45 Kaffipause
- 20:00 Samtale i grupper
- 20:45 Ein «draum». Avslutning.

#### Laurdag 14.2

- 10:00 Vi syng oss saman. Ein «draum»
- 10:30 Foredrag v. Jan Kåre Jakobsen:  
*«Det er skil på nådegåver, men Anden er den same» (1 Kor 12,4).*  
*Kva er ei nådegåve, og korleis kan eg vita kva nådegåver som er mine?*
- 11:30 Kaffipause
- 11:30 Foredrag v. Jan Kåre Jakobsen:  
*«De er Kristi lekam, og kvar av dykk er ein lem på han» (1 Kor 12,27).*  
*Om nådegåver og kyrkjelyd.*
- 12:15 Førmiddagsmat
- 12:45 Samtale i grupper
- 13:45 Innleiing til Nådegåvetesten. Tid til å ta Nådegåvetesten
- 15:15 Kaffi
- 15:30 Oppsummering: Kva no? Avtale om tidspunkt for samtale. Bønestund
- 16:00 Slutt

#### Sundag 15.2

- 11:00 Gudsteneste; tema: Utrustning og nådegåver. «Bønevandring» i samband med forbøna. Mogeleg å få personleg forbøn.

**Meld deg på til kyrkjekontoret, tlf 55 36 22 70**

Arr: Arna sokneråd v. Nemnd for Naturleg kyrkjevekst